


**ÅRSMELDING 2012**

**SOGN OG FJORDANE  
FOLKEMUSIKKLAG**



## **Innhald**

### **Sogn og Fjordane Folkemusikklag**

- Styret
- Administrasjon
- Medlemmer, medlemskap og representasjon
- Årsmøtet 2012
- Fond
- Utgjevingar
- Folkemusikkprisen 2012

### **Prioriterte satsingsområde 2011-2014:**

- Informasjon
- Folkemusikkarena
- Kulturpolitisk arbeid
- Organisasjon

## **Utsnitt**

### **Samarbeidspartnarar**

# **SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG**

Sogn og Fjordane Folkemusikklag vart skipa i 1981, og har følgjande føremål:

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for og auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

## **STYRET**

Styret i Sogn og Fjordane Folkemusikklag har etter val på årsmøtet 2012 og konstituering hatt ei slik samansetjing:

Synnøve S. Bjørset (Jølster/Oslo)	styreleiar
Kari Malmanger (Sogndal)	nestleiar
Oddbjørg Ese (Luster)	styremedlem
Dagfrid Vallestad Brevik (Førde)	styremedlem
Helene Myklemyr Bolstad (Luster)	styremedlem

Varamedlemmer:

1. varamedlem Leif Erik Stuhaug (Førde)
2. varamedlem Bjørn Eivind Årdal (Jølster)
3. varamedlem Aud Sissel Orheim (Eid)

Styret har i meldingsåret hatt 6 styremøte, og handsama 47 saker. Nokre av sakene har vore handsama pr. e-post og i telefonmøte. 1. vara har vore kalla inn til alle styremøte.

## **ADMINISTRASJON**

Dagrun Hesjevoll er tilsett som dagleg leiar i 50% stilling. Dagleg leiar er sekretær for styret og har elles ansvar for den daglege drifta av Folkemusikklaget.

Folkemusikklaget har kontor på Bakken i Jostedal, og faste kontordagar er måndag, tysdag og onsdag.

Folkemusikklaget har engasjert Synnøve S. Bjørset som prosjektleiar for Mokurset 2012.



Dagleg leiar Dagrun Hesjevoll.  
Foto: Sissel Beate Eriksen Skar

## **MEDLEMMER, MEDLEMSSKAP OG REPRESENTASJON**

Folkemusikklaget hadde 445 medlemmer pr. 31.12.2012, 54 born og unge og 391 vaksne.

Av desse er 13 enkeltmedlemmer direkte innmelde i Folkemusikklaget.

19 lokallag er tilslutta organisasjonen. I meldingsåret har eitt lokallag meldt seg ut, og eitt nyskipa lokallag meldt seg inn.

Folkemusikklaget hadde ein vervekampanje i 2012, der Fredrik Hope frå Hyen Spelemannslag og Gloppe Hardingfelelag fekk vervepremien "Norsk Folkemusikk" med 19 plater og ein dvd med opptak frå NRK Arkivet.

### **Sogn og Fjordane Folkemusikklag har medlemsskap i:**

FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans

Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Sogn og Fjordane Musikkråd (nyskipa i 2012)

### **Sogn og Fjordane Folkemusikklag var representert på:**

Årsmøtet i Sogn og Fjordane kulturnettverk: Jon Gåsemyr


Skipingsmøte i Sogn og Fjordane musikkråd: Dagleg leiar Dagrun Hesjevoll

Årsmøtet i FolkOrg: Dagleg leiar Dagrun Hesjevoll og styreleiar Synnøve S. Bjørset

Arbeidsgruppe for utgreiing om fylkeskommunen si vidare satsing på folkemusikk: Helene Myklemyr Bolstad for Sogn og Fjordane Musikkråd.

Helgen i Bergen, (FolkOrg): Dagleg leiar Dagrun Hesjevoll, styreleiar Synnøve S. Bjørset, styremedlem Oddbjørg Ese

Representantskapsmøtet i Førdefestivalen: Aslak Johnsen



Austrheim Musikkspelar til dans i samband med "En aften på Åhus". Foto: Synnøve S. Bjørset

## **ÅRSMØTET 2012**

Årsmøtet var lagt til Borgja på Åhus i Jølster, laurdag 11. februar.

10 medlemslag var representerte med til saman 14 røysteføre utsendingar. Frå styret møtte styreleiar Synnøve S. Bjørset og styremedlem Dagfrid V. Brevik. Frå valnemnda møtte Antonia Karete Haugen Kongsvik. Sigmund Eikås var møteleiar.

Til stades var til saman 17 personar. På saklista stod vanlege årsmøtesaker.

Etter årsmøtet vart det servert middag, og mange nyttet høve til å få med seg konserten "En aften på Åhus" - jubileum for spelemannen og komponisten Adolf Paulen.

Utøvarar på konserten var John Oddvar Kandal, Helene Myklemyr Bolstad og Ingrid Heieren. Etter konserten var det dans til musikk av Austrheim Spelemannslag, Fjellklang Spelemannslag og fleire.

## FOND

### Rolf Myklebust Minnefond

Minnefondet har som føremål å stø utgjeving av tradisjonell folkemusikk fra Sogn og Fjordane. Fondet gjev ikkje stønad til nyinnspelingar eller utgjeving av nye komposisjonar på notar. Fondet sto pr. 31.12.12 med kr. 121 311,81 i eigenkapital. Det vart ikkje gjort tildelingar frå fondet i 2012.

### Mokursfondet

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011, og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset, samt renteinntekter av fondet sin eigenkapital. Midlar frå fondet kan gå til å dekkje evt. driftsunderskot frå Mokurset, og til å gjere investeringar i Mokurset etter vedtak i styret. Fondet sto pr. 31.12.12 med kr. 71 605,82 i eigenkapital. Det vart ikkje gjort uttak av midlar frå fondet i 2012.



Deltakarar frå Mokurset 2012 - rett før det offisielle biletet skulle takast. Foto: Synnøve S. Bjørset



Folkemusikksammlaren Rolf Myklebust

## UTGJEVINGAR

### Rolf Myklebust: Slåttar i Nordfjordtradisjon

Rolf Myklebust sine notehefte med Slåttar i Nordfjordtradisjon vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986. Folkemusikklaget har pr. 31.12.2012 527 hefte på lager. Hefte nr. 2 er utseld.

### Skumringstimen

Boka Skumringstimen vart gjeven ut i 1998, og inneholder ei samling folkesongar skrive ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket. Boka inneholder også to cd-plater med opptak av kjeldene. Folkemusikklaget har pr. 31.12.2012 83 bøker på lager.

## FOLKEMUSIKKPRISEN

Folkemusikkprisen er ei heidersutmerking og blir delt ut anna kvart år til ein person, lag eller organisasjon som har gjort ein særleg innsats for folkemusikken i fylket.

Tidlegare mottakarar av Folkemusikkprisen: Einar Eimhjellen (2010), Harald Hesjevoll (2008), Arne M. Sølvberg (2006), Ingrid Søyland (2004), Petter Eide (2002), Sigmund Eikås (2000), Oline Løvlid (1998), Maria og Lars Ryssdal (1996), Anna og Ragnvald Lunde / Martha Seljeseth Frøland (1994), Svein Skjerdal (1992), Peder Raad / Johanna og Nils Ormberg (1990), Gudveig og Ingolf Iversen / Sjur Hesjevoll (1988) og Paul Berstad (1986).

## FOLKEMUSIKKPRISEN 2012 TIL JOHN ODDVAR KANDAL



John Oddvar Kandal vart tildelt Folkemusikkprisen 2012 i samband med Fylkeskappleiken i Stryn 14. mars. Her saman med Synnøve S. Bjørset og Dagfrid Vallestad Brevik frå styret. Foto: Leif Vinsrygg.

I boka "50 år med folkemusikk" utgjeven av Rolf Myklebust i 1982, blir John Oddvar karakterisert som "eit spelemannsemne utanom det vanlege". Dette er noko Sogn og Fjordane Folkemusikklag stiller seg bak, 30 år etter at boka vart utgjeven.

John Oddvar Kandal (f. 1950) frå Breim er ein av dei alle fremste spelemennene vi har i fylket vårt, og ein framifrå representant for folkemusikktradisjonane og felespelet i Breim. Han tok til å spele fele i 14-årsalderen, og Breims-spelemannen Peder Råd var hans fremste læremeister. John Oddvar har eit allsidig repertoar etter mellom andre Per Støyva, Gabriel Reed, Anders Reed og Paulen-brørne Moses, Adolf og Petter.

I 1974 deltok John Oddvar på sin første Landskappleik, og allereie året etter spelte han seg opp i A-klassen, eliteklassen på kappleik. Saman med orkesteret sitt, Kandals Orkester, har han også delteke på ei rekke kappleikar og festivalar, med svært gode plasseringar. Og oppdrag har han hatt i både inn- og utland.

John Oddvar har drive mykje med opplæring, både gjennom sitt eige gamaldansorkester og som kurshaldar. Orkesteret hans har nærmast fungert som ein privat musikkskule, der ei rekke kjende felespelarar har vore innom og fått slåtteopplæring og kunnskap om historia kring desse.

John Oddvar er i dag ei stor inspirasjonskjelde og eit musikalsk førebilete for fleire kjende felespelarar frå Nordfjord, og mellom desse nemner vi Sigrid Moldestad og Britt Pernille Frøholm. For tida er han tilsett som timelærar ved Norges Musikkhøgskole, og vidareformidlar der Breims-tradisjonen til nye generasjonar utøvarar.

John Oddvar held også kurs i springarspel, og er oppteken av å synleggjere den musikalske fellesskapen mellom bygdene kring Jostedalsbreen. Og i gruppa "To Rette og Ein Rang" saman med Håkon Høgemo og Helene Myklemyr har han henta fram slåttemateriale frå Nordfjord, Jostedalen og Nord-Gudbrandsdalen.

John Oddvar er ein person som er lite oppteken av å marknadsføre seg sjølv – han er meir tilhengjar av å løfte fram andre og la musikken tale for seg sjølv. Dette har han vist gjennom å ta initiativ til og arrangere ei rekke flotte tiltak som har vore til stor glede for mange, og vi kan nemne ei rekke jubileumsmarkeringar, seinast for Adolf Paulen.

John Oddvar er ein allsidig bygdespelemann og ein stor ressurs for folkemusikken i fylket. Like gjerne som å spele for eit dansande publikum, står han på galleriet i kyrkja og framfører vare og lyriske tonar. På denne måten tek han vare på og vidareformidlar fleire sider ved speltradisjonen på ein framifrå måte. Innsatsen hans som utøvar, instruktør, initiativtakar og tilretteleggjar er til inspirasjon for oss alle.

I desember 2011 mottok John Oddvar Kandal kulturprisen frå Gloppen kommune. Og det er ei glede for Sogn og Fjordane Folkemusikklag å tildele Folkemusikkprisen 2012 til John Oddvar Kandal.

# PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

Folkemusikklaget har gjennom strategiplan 2011-2014 definert fire prioriterte satsingsområde. Arbeidsplanen er oppe på kvart årsmøte, og skildrar konkrete tiltak knytt opp mot desse satsingsområda. I denne delen av årsmeldinga vil vi gå gjennom kvart enkelt satsingsområde og tiltak knytt til desse.

## INFORMASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans:

- Gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til publikum og medlemmer.
- Arbeide for auka omtale av folkemusikk- og dans i media.

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad å vere synleg. Ein aktør som ikkje er synleg, er heller ikkje viktig. Folkemusikklaget arbeider for å gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til utøvarar, arrangørar, media og publikum.

Informasjonstiltaka våre kan delast opp i kategoriane passive og aktive. Døme på passive infotiltak er nettportalen [www.folkemusikklaget.no](http://www.folkemusikklaget.no). Her må interesserte leserar sjølv oppsøkje portalen for å finne informasjonen dei ønskjer. Døme på aktive infotiltak er utsending av nyhendebrev og pressemeldingar. Her deler Folkemusikklaget relevant informasjon til definerte målgrupper.

## NETTPORTAL

Folkemusikklaget har på nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane" laga ein felles informasjonsportal knytt til domena [www.folkemusikklaget.no](http://www.folkemusikklaget.no), [www.mokurset.no](http://www.mokurset.no), [www.fylkeskappleiken.no](http://www.fylkeskappleiken.no) og [www.vestlandskappleiken.no](http://www.vestlandskappleiken.no).

Nettsida har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Aktuelt
- Folkemusikklaget
- Kurs | Seminar
- Mokurset
- Fylkeskappleiken
- Vestlandskappleiken

På nettportalen blir det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker, og portalen har ein kalenderfunksjon der alle som ønskjer kan legge inn arrangementa sine.

Sakene på nettportalen blir produsert og publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene, samt informasjon frå eksterne aktørar om relevante saker og hendingar.

Folkemusikklaget har det redaksjonelle ansvaret for nettportalen, men innhaldet på menypunktet Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken blir produsert og publisert av dei lokale kappleiksarrangørane.

## **NYHENDEBREV**

Folkemusikklaget har sendt ut eit månadleg nyhendebrev til alle medlemslag, enkeltmedlemmer og andre interesserte vi har registrert kontaktinfo på, samt våre samarbeidspartar og regionale kulturaktørar. Sakene i nyhendebrevet blir generert ut frå nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane". Vi har i meldingsåret arbeidd med å oppdatere og utvide mottakarlista for nyhendebrevet.

## **PRESSEMELDINGAR**

Folkemusikklaget har sendt ut pressmeldingar til media i fylket i samband med våre tiltak, prosjekt og arrangement. I samband med avvikling av Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har dei lokale arrangørane stått for utsending av relevante pressemeldingar. Fleire av pressemeldingane har ført til gode oppslag i media.

## **SOSIALE MEDIA**

Folkemusikklaget og Mokurset har eigne sider på facebook (/folkemusikklaget og /mokurset). Her kan medlemmer og andre interesserte kommunisere direkte med Folkemusikklaget, og vi legg jamleg ut nyhende og linkar til aktuelle saker.

## **FOLKEMUSIKKARENA**

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans:

- Sikre gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for born, unge og voksne gjennom å:
  - skipe til eigne arrangement
  - samarbeide med relevante aktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt om arrangement.
  - oppmode kulturskular og spelemannslag til samarbeid om folkemusikktilbod

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at der fins gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for både born, unge og voksne. Den levande folkemusikktradisjonen føreset at der fins utøvarar som driv formidlingsverksemd, at denne formidlingsverksemda rekrutterer nye utøvarar, og at det blir drive opplæringsverksemd som skapar nye utøvarar. Folkemusikklaget kan ikkje sikre alle desse arenaene åleine, men vi skal ta vår del. Og vi skal samarbeide med andre aktørar som er med på å sikre desse arenaene, og dessutan oppmode fleire og nye aktørar om å sikre slike arenaer.

### **Fylkeskappleiken**

Fylkeskappleiken gjekk av stabelen i Stryn 14. mars, og var ein kompakt kappleik med tett program og mange delta-kasar samla under eitt tak i Stryn kulturhus.

Spelemannslaget Fjelljom var lokal arrangør, og dei gjorde eit godt arbeid med førebuing og avvikling av kappleiken.

Det var over 300 deltakarar fordelt på 105 startnummer, og det vart som vanleg tevla i både bygdedans- og runddans-klassar. Fylkesarkivet var tilstades og gjorde lydopptak av heile kappleiken.

Resultatliste frå kappleiken er å finne på [www.fylkeskappleiken.no](http://www.fylkeskappleiken.no)

### **Vestlandskappleiken**

Vestlandskappleiken er eit samarbeid mellom folke-musikklaga i Hordaland og Sogn og Fjordane, og i 2012 var det Osterøy Spel- og Dansarlag og Osterøybelgen som var lokal arrangør. Kappleiken vart halden i Lonevåg på Osterøy.

Resultatliste frå kappleiken er å finne på [www.vestlandskappleiken.no](http://www.vestlandskappleiken.no)

## **Smørbukk-kappleiken**

Smørbukk-kappleiken er ein uformell arena der barn og unge får synge, spele og danse for kvarandre, og møte andre unge i fylket med same interessa. Laurdag 17. mars var 52 deltakarar frå heile fylket samla på Mo i Sunnfjord, og frå scena fekk vi høyre og sjå innslag med dans, song, fele og hardingfele i solo og grupper.

Leif Erik Stuhaug og Synnøve S. Bjørset leia kappleiken, og ein jury sett saman av Einar Ese, Ingrid Søyland og Oddbjørn Skjerdal fekk i oppgåve å kommentere kappleiksnumra og peike ut "Årets Smørbukk". Guro Skjerdal Bondevik frå Sogndal imponerte alle med hardingfelespelet sitt, og vart med dette kåra til "Årets Smørbukk".

I tillegg fann juryen det på sin plass å dele ut nokre ekstrapremiar til andre som også hadde utmerka seg. Her fekk dansarane frå Haugen Ungdomslag på Nordfjordeid, felespelarane og songarane i "Fiddle Girls" frå Askvoll, og hardingfelenestor Sigmund Eikås med seg flotte premiar frå Norsk Barneblad.

Smørbukk-kappleiken 2012 vart sponsa av Norsk Barneblad, Lerum og Førdefestivalen, og fekk stønad frå Rådet for folkemusikk og folkedans.



## **KURS | SEMINAR**

### **Instruktørseminar og storkurs**

Folkemusikklaget hadde planlagt instruktørseminar og storkurs hausten 2012. Begge måtte av ulike grunnar avlysts.

Instruktørseminaret var planlagt til eit tidspunkt som viste seg å kolidere med FolkOrg si storsatsing "Helgen i Bergen". Folkemusikklaget var i dialog med FolkOrg om å la instruktørseminaret gå inn som ein av postane på programmet til "Helgen i Bergen", men vi måtte til slutt erkjenne at dette ikkje lot seg gjennomføre.

Instruktørseminaret var meint som fagleg påfyll og inspirasjon for alle som arbeider med opplæring, særleg retta mot instruktørar innan folkemusikksjangeren. Vi ser dette som eit viktig tiltak, og vil freiste å arrangere eit seminaret på eit seinare tidspunkt.

Storkurset vart avlyst grunna kapasitetsproblem, både internt i organisasjonen, og blant ønska kurshaldarar. Tema for det planlagde storkurset var springar og samspelet mellom musikken og dansen, og det skulle etter planen vere eit tilbod for utøvarar på song, fele, hardingfele, trekkspel, toradar og dans, med ei rekke fellespostar på programmet.

Storkurset er eit samarbeid med Hordaland Folkemusikklag, og skal arrangerast annan kvart år i det fylket som ikkje er verftsby for Vestlandskappleiken. Folkemusikklaget vil freiste å få til Storkurset i løpet av våren 2013.

## Mokurset

Mokurset er eit sommarkurs i folkemusikk og -dans for born, unge og vaksne, og gjekk av stabelen på Mo i Sunnfjord 8.-13. juli. Kurset hadde 69 deltagarar i alderen 10-60 år, der hovudvekta var born og unge frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal.

Mokurset hadde følgjande kurstilbod:

- Song- og spelkurs på fele, hardingfele, trekkspel og toradar
- Meisterklasse på hardingfele/fele med Jorun Marie Kvernberg, i samarbeid med Førdefestivalen
- Folkeleg dans, fordjuping med Ami Petersson Dregelid og Ellika Frisell

Fordjupingskurset i folkeleg dans måtte dessverre avlyst grunna for få påmeldte. Dei andre kurstilboda gjekk som planlagt.

Instruktørar på song- og spelkursa var Steinar Rygg, Einar Ese, Sigmund Eikås, Leif Erik Stuhaug, på hardingfele, Ingrid Heieren, Simona Fraas Johnsen og Britt Pernille Frøholm på fele, Hilde Fjerdingøy på toradar, Helene Myklemyr Bolstad på trekkspel og Åshild Vetrhus på song. Mari Andreas Ness leia fellesdans for alle kursdeltakarane, og felemakar Asbjørn Fonn tilbaud hjelp til mindre reperasjonar og rigging av instrument.

Dagleg leiar Dagrun Hesjevoll var kursleiar, og prosjektleiar Synnøve S. Bjørset og Edel Skjærset var kursmedarbeidarar. I tillegg var det ei rekke frivillige i sving under kurset – takk for innsatsen!

Konsertar i samband med Mokurset:

Slik kan det gjerast – instruktørkonsert

Har du lyst, har du lov – deltagarkonsert

Tindra og Gamlebanken Spelemannslag – open konsert og dans i Sersjantløa på Sunnfjord Museum

Mokurskonserten – avslutningskonsert med alle deltagarane

Mokurset 2012 vart sponsa av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Førdefestivalen, Tine, Lerum og Luster Sparebank – vi rettar ei stor takk til desse! Mokurset fekk stønad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, KOMP, Rådet for folkemusikk og folkedans, FolkOrg og Norsk Folkemusikkfond.



Deltakarar og instruktørar på Mokurset 2012 samla framfor stabburet på Mo. Foto: Einar Eimhjellen.

## KULTURPOLITISK ARBEID

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Vere ein synleg kulturpolitisk aktør som sikrar medlemmene sine interesser

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at aktørane på folkemusikkfeltet har gode råmevilkår for verksemda si. Kulturpolitiske prioriteringar og offentlege løvyngjar påverkar råmevilkåra i stor grad, og det er viktig at folkemusikkfeltet til ei kvar tid kjempar for betre råmevilkår.

### Fylkeskommunen si vidare satsing på folkemusikk.

Sogn og Fjordane fylkeskommune kom i 2012 med ei innbyding til Musikkrådet, Kulturskulerådet og Førdefestivalen om å sitje i ei arbeidsgruppe som med følgjande mandat skulle lage ei utgreiing om ulike modellar for fylkeskommunen si vidare satsing på folkemusikk:

Folkemusikklaget vart ikkje invitert til å sitje i denne arbeidsgruppa, men fekk høve til å peike ut ein av dei to representantane til Musikkrådet. Helene Myklemyr Bolstad vart av styret peika ut til å sitje i arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa leverte hausten 2012 ei utgreiing som tilrådde at fylkeskommunen skal gå inn i drøftingar med interesserte kommunar med mål om å opprette nye distriktsmusikkarstillingar innan folkemusikk. Hovudutval for kultur vedtok at fylkesmusikkarordninga skal endrast i tråd med innstillinga frå arbeidsgruppa, og det skal innan juni 2013 lagast ein framdriftsplan for iverksetjing av endringar.

### Kulturutredningen 2014

Kulturutredningen 2014 er eit utval som er sett ned av regjeringa for å gå gjennom kulturpolitikken etter 2005, og vurdere effekten av denne på ulike felt i kulturlivet. Kulturutredningen vil fungere som eit grunnlagsdokument for utforming av norsk kulturpolitikk, og kan kome med framlegg til endringar i kulturpolitikken med utgangspunkt i gjeldande budsjettårer. Kulturutredningen skal legge fram sine vurderingar i form av ein NOU i 2013.

FolkOrg vart invitert til å kome med innspel til Kulturutredningen, og bad om tilbakemeldingar frå sine medlemmer. Folkemusikklaget spelte inn at sommarkursa på folkemusikkfeltet er svært viktige arenaer for rekruttering og opplæring. Likevel har sommarkursa svært pressa og lite føreseieleg økonomi grunna tilgang på få offentlege stønadsordninga og løvyngjar som går berre over eit år. Dette gjer det vanskeleg å vidareutvikle kursa. Folkemusikklaget føreslo auka midlar i potten hjå eksisterande stønadsordningar, samt endringar som vil gje tilgang til fleire stønadsordningar.

## ORGANISASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans:

- Kontinuerleg utvikle organisasjonen gjennom å:
  - sikre god flyt av informasjon internt i organisasjonen
  - initiere samarbeid med relevante aktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt
  - nytte menneskelege og økonomiske ressursar i organisasjonen til det beste for føremålet

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at organisasjonen som arbeider med dette er ein velfungerande, framtidsretta, sjølvutviklende og effektiv organisasjon med god kompetanse.

### **Styrearbeid og arbeidsgjevaransvar**

Styret har arbeidd med å etablere gode rutinar for sakshandsaming og rapportering. Styreleiar har utarbeidd "Styreleiarpermen" med informasjon om oppgåver knytt til styreleiarvervet og arbeidsgjevaransvaret.

### **Rapportering og dokumentasjon**

Folkemusikklaget har arbeidd med å skape gode rutinar for å rapportere og dokumentere verksemda vår, og har mellom anna arbeidd med å digitalisere delar av eldre papirdokument, samt investert i digitale lagringsmedium.

## UTSNITT 2012

Nikolai Storevik fekk tildelt Audhild Moxnes Flaktveit Minnepris under Vestlandskappleiken

Norill Therese Norheim fekk "Drømmestipendet" frå Norsk Tipping og Norsk Kulturskoleråd

Erlend Apneseth fekk Grappas Debutantpris

Arne M. Sølvberg vart utnemnd til heidersmedlem i FolkOrg i samband med Lanskappleiken

Sigrid Moldestad fekk tildelt Hilmar Alexandersens Musikkpris og Vossajazz-prisen

Kine Svori og Mathilde Skjærret frå Jostedalen vart norgesmeistrar i gruppespel på hardingfele under Lanskappleiken

Mathilde Skjærret frå Jostedalen fekk stipend frå Luster Sparebank

Gamlebanken Spelemannslag fekk bronse på Landsfestivalen i gamaldansmusikk og sølv på Lanskappleiken.

Det kom ei rekke plateutgjevingar med artistar frå fylket: "No bakom soli glader" (Kari Malmanger), "Umbra" (Linda Gytri), "Himlen har sove bort natta" (Sigrid Moldestad), "Jølster 2012" (Eikås, Bjørset, Svidal og Apneseth), også nominert til FolkeLarm-prisen.

Førdefestivalen hadde ei rekke artistar frå fylket på programmet også i år: Konsert med Jølster 2012, dansespel ved Indre Sunnfjord Spelemannslag og Gamlebanken Spelemannslag. Rjupungane og utøvarar frå Jostedal Spel- og Dansarlag hadde innslag frå scena i samband med familieprogrammet.

## **SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESEPLARAR**

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har i 2012 hatt ei rekke samarbeidspartnarar og økonomiske støttespelarar, og vi rettar ei stor takk til alle som har bidrege til realiseringa av ei rekke tiltak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Førdefestivalen

KOMP

FolkOrg

Rådet for folkemusikk og folkedans

Tine

Lerum

Luster Sparebank

Norsk Barneblad

Hordaland Folkemusikklag

Spelemannslaget Fjelljom

Sogndalsalen, 31.01.13

*Synnøve S. Bjørset*  
Synnøve S. Bjørset – styreleiar

Kari Malanger - nestleiar  
(sign.)

Helene Myklemyr Bolstad - styremedlem  
(sign.)

Dagfrid Vallestad Brevik - styremedlem  
(sign.)

Oddbjørg Ese - styremedlem  
(sign.)